

Møtereferat

Dato: 02.05.2018

Emne:	Arbeidsgruppe ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Møtereferat 27. april	
Til stades:	Anbjørn Høivik, Kvinnherad kommune Andreas Moe Larsen (for Lovise Vestbøstad), Stord kommune Helge Hopen, Siv Ing Helge Hopen AS Sindre Lillebø, SVV Hege Løtveit, SVV Carl-Erik Nielsen, SVV Guri Finne Sognnæs, SVV Matti Torgersen, HFK	
Forfall:	Vigdis Bjørge, Skyss	Sak: 2016/943-37
Møtetid:	Kl 12.00-14.00 27.april 2018	Møtestad: Video

Møteleiar: Matti Torgersen**Referent:** Matti Torgersen

Matti Torgersen gjorde greie for framdrifta til no:

- Politisk referansegruppe utforma i møte 4. april ei innstilling til konsulentens sitt utkast til silingsrapport. Grappa rådde til å arbeide vidare med konsept 2 (kort samband mellom Halsnøy og Stord), med ferjestøa Sævarhagen og Valevågen på Stordsida, og Ranavik, Klosterneiset og Sætersneset på Halsnøy. Dei ønskja ikkje at Kvernaneset og Buvika med vidare i arbeidet. I tillegg ønskjer dei å vurdere Sunde grunna m.a. utfordringane med vegsambandet over Halsnøy. Stord sine representantar ønskja også at Sunde-Jektevik vert teke med i neste planfase.
- Det har vore avholdt eit folkemøte i regi av ungdomslaget Stordabuen 18. april. Dei to ordførarane og Helge Hopen deltok i panel. Møtet synleggjorde stort lokalt engasjement mot ferjeleie på Sævarhagen.
- Hordaland fylkeskommune har sendt brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet med førespurnad om å rekne på ferjeavløysingsmidlar til innkorting av sambandet. Det er blitt beden om å rekne på 6 ulike alternativ for innkorting.
- Etter dette har Hordaland fylkeskommune drøfta tilrådinga til politisk referansegruppe internt, og ønskjer at det vert arbeidd vidare med Buvika. Dette grunna m.a. at denne har god tilknytning til ny E39. Det er fylkesrådmannen i Hordaland som legg fram planutkastet.
- Helge Hopen og Matti Torgersen orienterte kommunestyra i hhv Stord kommune og Kvinnherad kommune 26. april om silingsrapporten. Det vart orientert der at ein vurderer å ta inn Buvika, og at det er behov for nytt møte i politisk referansegruppe.

Det vart teke ei kort runde på silingsrapporten. Buvika vert teke inn. Representanten frå Stord Kommune peika på vedtak i kommunestyret om å ikkje ta i bruk urørt strandsone.

Utkastet til planprogram vart gjennomgått. Det vart særleg vurdert om det er ønskeleg å starte opp formelt planarbeid no, eller om planprogram- og silingsperioden bør utvidast. Grappa støtter framlagde utkast til framdriftsplan. Det inneberer at ein avsluttar planprogramarbeidet før sommaren, og sender utkastet til kommunane for at dei skal leggje det ut på høyring. Første fase i kommunedelplanen blir å sile ned til eit handterleg tal alternativ ferjestø og ferjestrekningar for full konsekvensutgreiing.

Det vart også diskutert om ein skal bruke måla som er brukt i silingsrapporten og i planprogrammet som mål i det vidare planarbeidet, eller om måla bør konkretiserast ytterlegare. Gruppa meinte det er behov for å forsøke å konkretisere måla ytterlegare.

Det bør takast kontakt med fylkesmannen og fylkeskonservator om dei ulike alternativa før høyring.

Fylkeskommunen kallar inn til nytt møte i politisk referansegruppe.

Det var nokon andre kommentarar til silingsrapport og planprogram. Det vart oppmoda om å kome med merknader, under dette målformuleringar (sjå ovanfor) i epost til konsulent. Frist for merknader setjast til tysdag 15. mai. Nytt utkast blir sendt på ny sirkulasjon til gruppa før den etter dette blir sendt til politisk referansegruppe. Endringane i dokumentet vert utheva.